

Vaksne med rusliding døgntil behandling

Alkoholbrukslidingar er den hyppigaste rusbrukslidinga i Noreg, og er mest vanleg blant unge vaksne mellom 18 og 35 år. Skadeleg bruk av alkohol er meir vanleg blant menn enn hos kvinner. Pasientar med ruslidingar har ofte også andre psykiske lidingar og kroppslege sjukdommar. Personar med rusliding kan få både poliklinisk behandling og døgntil behandling i spesialisthelsetensta.

Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år som i 2014–2018 hadde minst eit døgntil opphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB), med rusliding som hovud- eller bitilstand er inkludert. Rusliding er definert ved ICD-10-kodane F10, F11, F12, F13, F14, F15, F16, F18, F19.

Døgntil opphald er definert som opphald på meir enn null døgn i psykisk helsevern eller TSB. Døgntil opphald med mindre enn åtte timar mellom utskriving og ny innskriving er slått saman. Opphald lengre enn 365 dagar er ekskludert. Årsratane er registrert på året pasienten blei utskriven.

Buområde	Tal pasientar	Tal opphald	Døgn per opphald
Telemark	476	758	45,0
Innlandet	748	1 251	39,5
Vestfold	559	862	38,9
Stavanger	741	1 214	37,9
Helgeland	132	193	37,8
Vestre Viken	852	1 328	35,3
Nord-Trøndelag	253	423	33,6
Bergen	1 084	1 861	33,5
Ahus	987	1 548	33,5
Førde	146	267	33,3
Nordland	320	537	33,1
Diakonhjemmet	282	450	32,3
Finnmark	210	366	32,2
Fonna	414	748	31,5
OUS	639	1 088	31,4
Lovisenberg	652	1 138	30,4
Møre og Romsdal	541	1 013	30,4
Sørlandet	858	1 544	30,0
Østfold	689	1 111	29,3
St. Olavs	681	1 214	27,5
UNN	424	888	26,4
Noreg	11 562	19 802	33,2


Døgntil behandling for vaksne (18-64 år) med rusliding, i psykisk helsevern og TSB. Tal pasientar, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år hadde 11 500 vaksne med rusliding døgntil opphald i psykisk helsevern eller TSB, til saman nær 20 000 opphald per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 2 til 7 vaksne med rusliding i døgntil behandling per 1 000 innbyggjarar per år.

Opphaldsraten varierte i buområda frå 4 til 11 døgntil opphald per 1 000 innbyggjarar, med 6 som gjennomsnittleg årsrate for landet. Opphald for vaksne med rusliding varte i gjennomsnitt 33 døgn, og varierte mellom buområda frå 26 til 45 døgn per opphald.



Kjelde: NPR/SSB
Opphaldsrater for vaksne med rusliding i døgntil behandling. Tal døgntil opphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Vaksne med rusliding utgjer omtrent ein tredjedel av alle vaksne i døgntil behandling i psykisk helsevern og TSB. Variasjonen mellom buområda for pasientar med rusliding i døgntil behandling er ikkje like markant som i poliklinisk behandling. Det er likevel halvanna gong lengre opphald i buområde med lengst opphald enn i buområde med kortast.

Det er uønska variasjonar i døgntil behandling av vaksne, og dette er særleg tydeleg for pasientar med rusliding.